

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Førde HF

DATO: 12.05.2020
SAKSHANDSAMAR: Terje Olav Øen
SAKA GJELD: **Beredskapsarbeid i Helse Førde - handlingsplan 2020-2021**

ARKIVSAK: 2020/3560

STYRET:
Styret i Helse Førde HF

MØTEDATO:
28.05.2020

STYRESAK:
032/2020

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret tek orientering om beredskapsarbeidet til vitende.

Oppsummering

Gjennomgang av beredskapsarbeidet i Helse Førde er i samsvar med førande oppdragsdokument, planar og lovreguleringar. Pandemi har tatt mykje ressursar i Helse Førde og iverksetting av nokre planlagde tiltak er forskyvd i tid.

Det vert årleg gjennomført faste og tilfeldige bordøvingar, samt fullskalaøvingar. Sjukehusa gjennomfører brannvernøvingar i samsvar med krav, og det er gledeleg å sjå at det no er fleire tilsette som deltek. Planverk og beredskapssystem vert revidert ut frå erfaringar frå reelle hendingar, øvingar og endringsbehov i verksemda eller hos samarbeidspartar.

Fakta

Administrerande direktør rapporterer årleg på beredskapsarbeidet i helseføretaket. Styrande for arbeidet er regional beredskapsplan, årleg oppdragsdokument, Helsedirektoratet si nasjonale analyse av risiko- og sårbarheit for helsesektoren, avtalefesta samhandling med kommunane og lovkrav. Siste tre månadane har vore prega av pandemi og beredskaps-situasjonen.

Helse Førde er representert ved beredskapssjefen i

- regionalt beredskapsutval i Helse Vest – faste videomøte i tillegg til fire samlingar i året
- nasjonal beredskapssamling mellom RHF-a/HF-a
- nasjonal helseberedskapskonferanse
- fylkesberedskapsrådet

Det vert gjennomført to årlege samarbeidsmøte mellom leiinga i Vest politidistrikt og Helse Førde der administrerande direktør også deltek.

Grunna pandemien har det vore mange møte (fleire kvar veke) med kommunane, fylkesmann og fylkesberedskapsråd, regionalt beredskapsutval, regionalt smittevernutval, fagdirektørmøte og AD-møte/regional beredskapsleiing. Det har vore fleire undergrupper i arbeid med særskilde oppgåver knytt til smittevernutstyr, eingongsutstyr, respiratorbehandling, medikamentforsyning m.m. For utstyr og pasientstatus Covid-19 har det vore dagleg rapportering til Helse Vest RHF og vidare til Helsedirektoratet/HOD.

Styringsdokumentet frå Helse Vest RHF gav oppdrag knytt til:

- *følgje opp erfaringar og læringspunkt i evalueringar frå live-delen av Trident Juncture, nasjonal helseøving 2018 og cyber-hendinga i Helse Sør-Øst RHF i samarbeid med Helsedirektoratet og andre aktørar som er omfatta.*

Etablering av ordning for meir personell til pårørandesenter er sett i verk og ein har auka ressursar til denne oppgåva. Ressursane er henta frå psykisk helsevern. Erfaringar knytt til CBRNE-hendingar er også tatt omsyn til – sjå seinare. Det er få ressursar frå Forsvaret å samhandle med i vårt området, men vi har inngått samarbeidsavtale med HV 11 om kommunikasjonslinjer/kontaktpunkt, koordinering og liasonverksemd.

Cyber-hendingar vert handtert saman med Helse Vest IKT. Helse Førde har m.a. etablert fleire punkt der ein kan skrive ut dokument utan nettverk. Som ein del av dette kan vi skrive ut elektronisk naudjournal i DIPS for inneliggjande pasientar ved sentralbordet i Helse Førde og kurver og medikamentlister ved sengepostane.

Utbygging av nødnett i sjukehus har vore pilotert i delar av Helse Førde og vil truleg bli innført regionalt også i Helse Vest sine sjukehus. Dette aukar kommunikasjonsberedskapen vår, og vi har gjennom året fleire tilfelle med svikt av telefonitjenester og IKT-hendingar. Innføring av nødnett i Førde sentralsjukehus vart stoppa når beredskap for pandemi vart sett i verk.

Nytt reservetelefonssystem (mobile bordapparat for mobiltelefon) for sengepostar vert testa kvar veke. Det er også sett i verk testing av satellittelefonar og nødnett i sjukehus og beredskapsarbeid. Slike testar og øvingar er heilt avgjerande for at vi skal ha kompetente brukarar når beredskapshendingar oppstår.

- *følgje opp Helsedirektoratet si nasjonale analyse av risiko- og sårbarheit for helsesektoren, jf. oppdrag i 2018, og bidra til Helsedirektoratet si oppdatering av analysen i 2019.*

Medikamentforsyning vert handtert regionalt/nasjonalt og Helse Førde er avhengig av overordna styringssystem for dette. Under pandemien har Helse Vest RHF og Sjukehusapoteka Vest fått ein hovudansvar for deler av dette arbeidet.

Drivstofforsyning og planar for dette må arbeidast meir med lokalt. Dette er viktig med omsyn til ambulanseneste, pasient- og personelltransport og reservekraft for våre sjukehus. Brot på straumforsyning og samstundes sviktande dieseltilførsel vil skape store utfordringar for helseføretaket. Dette må styrast av nasjonale styremakter som kan prioritere fordeling ved ei hending det det er manglande forsyning. Dette vil også gjelde for mat- og materiellforsyning, noko vi også erfarer i pågåande beredskapshending.

Uvarsla naturhendingar vil vi måtte leve med, men helseføretaket har klart å handtere dette rimeleg greitt hittil. Nøkkelen er proaktiv beredskapsleiing og «tidleg på» for å sikre tenestene våre best mogeleg.

- *implementere ny sikkerheitslov, og delta i øvrig oppfølgings- og evalueringsarbeid.*

Helse Førde har hittil sikkerheitsklarert tre personar som skal fungere som beredskapsleiar ved beredskapshending. Det er gjennomgått sikkerheitsvurdering med omsyn til grunnleggjande nasjonale funksjonar. Dette er sendt over til Helse- og omsorgsdepartementet via regionalt helseføretak og er unntatt offentleg innsyn.

Planlegging av vidare oppbygging av sikkerheitsorganisasjon i tråd med føringar i lov og forskriftsverk er nærast ferdigstilt. Vidare tiltak er avhengig av Helse Vest RHF og Helse- og omsorgsdepartementet.

Krav til kryptert informasjon er ei utfordring, og kostar relativ mykje per år for svært låg kommunikasjonsfrekvens. Dette gjeld også andre etatar der lovverket er gjeldande. Det må ev. vurderast om dette kan løysast saman med andre beredskapsorganisasjonar med lik utfordring, t.d. politi og fylkesmannen sine ulike funksjonar lokalisert til Førdeområdet.

- *revidere eigne beredskapsplanar i tråd med revidert Regional helseberedskapsplan for Helse Vest, 2019-2021.*

Beredskapsplanen til Helse Førde vert søkt oppdatert fortløpande når det er trong for endring. Det er gjennomgang av hovudplan juni kvart år. Helse Vest sin plan er overordna for ein del av arbeidet, og det vert revidert m.a. varslingslister og system på regionalt nivå. Helseføretaka brukar no HelseCim til innkalling og varsling av personell ved beredskap. Helse Førde har brukt sistnemnde system for beredskap sidan 2012 og intern personellvarsling. 550 deltakarar i hjartestartargrupper i kommunane vert varsla frå AMK-sentralen gjennom dette systemet. Arbeidsflatene er moderniserte og forenkla for brukarane. Opplæring er gjennomført for operatørar ved sentralbordet og AMK, samt spesielle brukargrupper.

Det er starta eit større arbeid knytt til rigging av saneringsstasjonar ved alle sjukehusa og opplæring av personell. Arbeidet vert gjort i samarbeid med CBRNE-senteret. Målsettinga var at dette skulle vere operativt 1. april 2020, og det var gjort internt innleige av 20 prosent ressurs for koordinering. Tiltaket vert sette i verk når helseføretaket har ressursar til dette.

Gjennomføring av tiltak

Ut frå målsettinga for beredskapsarbeidet i 2019/2020 har vi hatt fokus på desse oppgåvene:

- Delta aktivt i fylkesROS i regi av fylkesmannen.
- Delta i samhandlingsøvingar med kommunane i eigen og fylkesmannen sin regi.
- Delta aktivt i beredskapsarbeid knytt til tunnelulukker.
- Etablere sikkerheitsorganisasjon i samsvar med nasjonale krav og felles prosjekt i Helse Vest RHF.
- Følgje opp avdelingane fortløpande i arbeidet med ROS analyser og reviderte krav til beredskapsplan og beredskapsplanlegging .
- Etablere felles elektroniske varslingsordningar for innkalling av personell i Helse Førde i samspel med dei andre helseføretaka etter gjennomført ROS-analyse.
- Sikre innføring av nødnett i akuttmedisinske team og beredskapsorganisasjon i samsvar med endeleg vedtak i Helse Vest RHF.
- Støtte opp om regionalt forbetningsarbeid kring revisjon av lagerhald av legemiddel, antidot og infusjon, og etablere gode løysingar i helseføretaket.
- Halde fram arbeidet med førebygging av antibiotikaresistens – eige antibiotikateam arbeider aktivt med reduksjon i bruk av mellom anna breispektra antibiotika.
- Samhandle med kommunane i høve CBRNE-beredskapsarbeid og sikre yteevne ved slike hendingar både prehospitalt og i sjukehusa våre.
- Delta i utvikling av sivilt/militært samarbeid i samhandling med dei andre helseføretaka.

Det var også planlagt ferdigstilling av punkta under:

- Saman med innkjøpsorganisasjon sikre forsyningstenesta (mat-, tøy- og eingongsutstyr) ved sjukehusa våre. *Arbeidet er omfattande og krev medverknad frå heile innkjøpskjeda i spesialisthelsetenesta.*
- Ferdigstille arbeidet med tryggingsplan (security) for helseføretaket. *Planen er i god gjenge og vert nytta som utgangspunkt med tanke på iverksetting av tiltak. Det er etablert rullerande vektarteneste ved Førde sentralsjukehus tider av døgnet. Skalsikringstiltak skjer i samsvar med førebels planverk, like eins bruk av video-overvaking. Det er også tatt høgde for sikringstiltak ved planlegging av nybygga våre.*
- Halde fram arbeid for felles planarbeid knytt til samhandling med helseføretaka i Møre og Romsdal, Oppland og Buskerud vedrørende felles grenseområde. *Det er gjennomført avklaringar med Helse Møre og Romsdal, og det har vore samtalar både med Sykehuset Innlandet og Vestre Viken vedr. samhandling i grenseområde. Utkast til avtalar er ikkje ferdigstilt.*

Øvingar

Elles er det gjennomført varsling og sambandsøvingar for å øve prosedyretrening og samvirke. Det skal settast i verk øvingsplan for kommunikasjon som er ferdigstilt 2. halvår 2020.

Vi klarer framleis ikkje å gjennomføre tilstrekkeleg tal øvingar med kommunane. Dette grunna manglande kapasitet og til dels samordning med andre nødetater.

Det er etablert tre psykososiale støttegrupper (områdeorganisering). Desse har to årlege møte med m.a. bordøving. Det var planlagt opplæring og innføring i HelseCim for deltakarane i april, men dette er sett på vent.

IKT-staben vert regelmessig trente, og det er også starta øvingar for Senter for kliniske fagsystem.

Helse Førde deltek i varslingsøvingar i regi av regionalt beredskapsutval.

Hendingar, internkontroll og revisjon

Hendingar er også siste året knytt hovudsakleg til IKT-utfall med sviktande tilgang til pasientopplysingar frå elektronisk journal. Elles er vi i den lengste beredskapsituasjon vi nokon gang har hatt med pandemiesituasjonen.

Vidare har vi hatt hendingar knytt til potensielt stort omfang;

- ekstremvær i ulike delar av fylket (fare for snøskred, høg vasstand, jordskred, flaum)
- jordras/bortfall av infrastruktur i Gloppen, Førde og Jølster
- snøras/bortfall av infrastruktur i Gloppen/Jølster
- togulukke på Flåmsbana
- bombetrugsmål mot Førde sentralsjukehus
- straumutfall Lærdal sjukehus

- straumutfall og manglande reservekraftforsyning ved FSS for intensiv, operasjon og laboratoriet
- branntilløp – to stk. ved Førde sentralsjukehus

Det er utarbeidd standardiserte generiske tiltakskort for ulike vaktfunksjonar. Målet er å få desse tilpassa og implementerte i alle avdelingar og vaktfunksjonar.

Arbeidet med endringstiltak for planverk knytt til beredskapsorganisasjonen og beredskapsleiing er godt i gang, men vert først avslutta når vi også får evaluert pandemien.

Sikring av beredskapsmateriell

Planverk for forsyningsteneste (tekstil/eingongsartiklar) er omfattande arbeid. Vi ser gjennom beredskapshandteringa av pandemien at dette er svært viktig å få ferdigstilt, men vi er også avhengig av Sjukehusinnkjøp, andre leverandørsystem og Helse Vest RHF. Helse Førde var i noverande beredskapssituasjon tidleg ute med gjennomgang av utstyrsbehov og tinging av ekstra beredskapsutstyr. Vi fekk t.d. ikkje tildelt alt utstyr som var tinga, og har sett på ulike alternative løysingar for noko av dette. M.a. har vi tatt i bruk ca. 400 fleirgongs smittefrakkar, og henta inn 2000 frakkar som vi har på beredskapslager. Det er også produsert ansiktsvisir av lokal verksemd. Dette er nokre av produkta som det er mangelfull leveranse av til helsetenesta globalt.

Det er også eit viktig moment i beredskapsarbeidet at ein har tilstrekkeleg lagringsplass for beredskapsutstyr som gjer det mogeleg med god sirkulasjon av beredskapsmateriell, slik at det ikkje går ut på dato før det vert nytta.

Opplæring

Planlegging av opplæring av beredskapsleiinga i samsvar med planverket er starta. Starten er utsett grunna pandemien. I løpet av 2019/2020 har leiarar på nivå 2, 3 og 4 fått generell innføring i beredskapsplanverk og grunnlag (4 timar kurs). Omlag halvparten av avdelingane og seksjonane har fått opplæring og gjennomgang av beredskapsarbeid og plan.

Helse Førde har også siste året brukt store ressursar på PLIVO-kurs (pågåande livstruande vald). Desse gjev også høve til å få øvd innsats på skadestad, skadeprioritering og varsling av beredskapsapparatet. Øvingane som var planlagde i april/mai 2020, er ikkje gjennomført grunna pandemien.

Statens vegvesen/tunnelgruppa har gjennomført både table top-øvingar og fullskalaøvingar knytt til tunnelulukker. Tunnelberedskap krev stort fokus, og mange må øvast i handteringa av dette.

Brannvernøvingar vert gjennomført regelmessig og ein ser at dette gjev kompetanse til å handtere branntilløp. Felles planverk innført i november 2018 må implementerast betre i heile organisasjonen.

Kommentarar

Beredskapsplanen er under gjennomgang i høve til struktur, samt godkjenning av delplanar og avdelingstiltak. Det er eit mål med tydelege varslingskjedar, beredskapskommunikasjon og ansvarsmatriser. Det er starta arbeid med iverksetting av tiltakskort på ulike vaktfunksjonar.

Koordinering av beredskapsarbeidet ligg til beredskapssjefen. Han har framleis vore frikjøpt i 40 prosent stilling til nødnettarbeid i Helse Vest. Dette gjev noko redusert arbeidskapasitet. Det har vore leigt inn 20 prosent internt til beredskapsrådgjevar for å etablere CBRNE-beredskapen.

Føretaksleiinga utgjer beredskapsutvalet og beredskapsleiinga. Det er starta ein gjennomgang på om dette er rett organisering. Det er faste møte mellom adm. direktør, direktør psykisk helsevern og beredskapssjef for avklaringar og oppfølging av beredskapsarbeidet.

Arbeidsplan 2020-2021

Basert på Helse Vest sin plan og rammer for arbeidet, samt risikovurdering av nasjonal helseberedskap, ønskjer administrerande direktør å vektlegge dette i arbeidet 2020 og 2021:

- Delta aktivt i fylkesROS i regi av fylkesmannen.
- Delta i samhandlingsøvingar med kommunane i eigen og fylkesmannen sin regi.
- Delta aktivt i beredskapsarbeid knytt til tunnelulukker.
- Saman med innkjøpsorganisasjon (Sjukehusinnkjøp og Helse Vest RHF) sikre forsyningstenesta (mat-, tøy- og eingongsutstyr) ved sjukehusa våre.
- Etablere sikkerheitsorganisasjon i samsvar med nasjonale krav og felles prosjekt i Helse Vest RHF.
- Ferdigstille arbeidet med tryggingsplan (security) for helseføretaket .
- Følgje opp avdelingane fortløpande i arbeidet med ROS-analysar og reviderte krav til beredskapsplan og beredskapsplanlegging.
- Sikre innføring av nødnett i akuttmedisinske team og beredskapsorganisasjon i samsvar med endeleg vedtak i Helse Vest RHF.
- Støtte opp om regionalt forbetningsarbeid kring revisjon av lagerhald av legemiddel, antidot og infusjon, og etablere gode løysingar i helseføretaket.
- Sette i verk CBRNE-beredskapsarbeid ved alle sjukehusa, og sikre yteevne ved slike hendingar både prehospitalt og i sjukehusa våre.
- Halde fram arbeid for felles planarbeid knytt til samhandling med helseføretaka i Møre og Romsdal, Oppland og Buskerud vedrørande felles grenseområde.
- Organisering av beredskapsleiing.

Konklusjon

Beredskapsarbeidet i Helse Førde er i samsvar med førande oppdragsdokument, planar og lovreguleringar. Beredskapsarbeidet i vårt opptaksområde (Sogn og Fjordane) er prega av god kultur for samhandling på tvers av organisasjonar.

Organisasjonen forsøker å lære av hendingar og øvingar, men har til tider knappe ressursar til å følgje alt tilstrekkeleg opp. Beredskapsplanverk er blitt tydelegare i organisasjonen og informasjonsarbeidet skal halde fram. Det står igjen å få planverk godt implementert i alle avdelingar. Beredskapssystem er levande dokument som vert endra fortløpande, og det er

viktig at det er samkøyrtd på tvers i organisasjonen. Difor vil administrerande direktør godkjenne alle beredskapsplanar for å sikre eit eintydig planverk.